

Årsmelding frå fylkestingsgruppa – 2019

Arbeidet i fylkestinget i 2019 var i stor grad vore prega av fylkessamanslåinga, og tal handsama saker har vore mindre enn tidlegare år i perioden.

Fylkestinget brukte og i 2019 mykje tid på saka om eigarskap i Sogn og Fjordane Energi. Fylkestinget vedtok i 2016 at det skulle arbeidast vidare med å sikre at verdiane i den fylkeskommunale eigarskapen i Sogn og Fjordane Energi skulle bli verande i Sogn og Fjordane. I perioden 2017 – 2018 er det vurdert fleire ulike alternativ for å følgje opp dette vedtaket. I desember 2018 gjorde fylkestinget eit prinsippvedtak om at aksjane i SFE skal overførast til kommunane i Sogn og Fjordane, under føresetnad av rettskraftig dom om at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett. Fylkeskommunen fekk medhald i sitt syn i tingretten og lagmannsretten, men dommen vart anka til Høgsterett. BKK trekte anken i juni, og aksjane vart overført til kommunane i samsvar med vedtaka i fylkestinget.

Nokre andre saker i 2019:

- Utbygging ny vidaregåande skule i Førde
- Vitesenter Kaupanger
- Erklæring av klimakrise
- Nynorskhus
- Rettferdig nettleige
- Breibandsutbygging

Etter valet i 2015 vart det inngått samarbeid med Sp, Ap og Krf om konstituering og samarbeid i perioden. Samarbeidspartia har møttest med ujamne mellomrom, men spesielt i samband med handsaming av viktige saker.

Jølster, 07.02.2020

Jakob Andre Sandal